

## Kopi av tekst til oppgave 2B

Sett inn og og å:

Jostein \_\_\_\_\_ Cecilie satt \_\_\_\_\_ så på video. De pleide alltid \_\_\_\_\_ se på en spesiell skrekkfilm hver lørdag når foreldrene var borte. De pratet \_\_\_\_\_ lo, spiste pizza \_\_\_\_\_ drakk cola. Men denne lørdagen skjedde det noe. Midt ute i filmen begynte bildet \_\_\_\_\_ flimre, vindushaspene begynte \_\_\_\_\_ knirke \_\_\_\_\_ en uhyggelig latter kunne høres utenfor huset. De ble sittende \_\_\_\_\_ skjelve, stumme av skrekk. Latteren ble bare høyere \_\_\_\_\_ høyere.

Plutselig gikk ytterdøra opp. Jostein og Cecilie hylte \_\_\_\_\_ skrek og gjemte seg bak sofaen.

– Hei, hva er det med dere? Tåler dere ikke \_\_\_\_\_ se på skrekkfilm? humret faren til Cecilie. To bleke \_\_\_\_\_ vettskremte ungdommer tittet fram bak sofaen. De hadde glemt at foreldrene til Cecilie skulle komme hjem før filmen var ferdig!

## Kopi av tekst til oppgåve 2B

Set inn *og* og *å*:

Jostein \_\_\_\_\_ Cecilie sat \_\_\_\_\_ såg på video. Dei brukte alltid \_\_\_\_\_ sjå på ein spesiell skrekkfilm kvar laurdag når foreldra var borte. Dei prata \_\_\_\_\_ lo, åt pizza \_\_\_\_\_ drakk cola. Men denne laurdagen skjedde det noko. Midt ute i filmen byrja biletet \_\_\_\_\_ flimre, vindaughaspene byrja knirke \_\_\_\_\_ ein uhyggeleg latter kunne høyrast utanfor huset. Dei vart sitjande \_\_\_\_\_ skjelve, stumme av skrekk. Latteren vart berre høgare \_\_\_\_\_ høgare.

Brått gjekk ytterdøra opp. Jostein og Cecilie hylte \_\_\_\_\_ skreik og gøymde seg bak sofaen.

– Hei, kva er det med dykk? Toler de ikkje \_\_\_\_\_ sjå på skrekkfilm? humra faren til Cecilie. To bleike \_\_\_\_\_ vitskremde ungdomar titta fram bak sofaen. Dei hadde gløymt at foreldra til Cecilie skulle kome heim før filmen var ferdig!

## Kopi av tekst til oppgave 3C

Sett inn *da* eller *når*:

\_\_\_\_\_ jeg hadde spist frokost, ringte det på døra. Jeg løp ut for å åpne. Typisk! Johan pleide alltid å ringe på \_\_\_\_\_ jeg satt ved frokostbordet. Hver morgen \_\_\_\_\_ jeg var morgengretten og sur, lyste han opp og sa oppmuntrende:

– Jaså, du er i det humøret i dag. Smil til verden, og verden smiler igjen!

Jeg kunne sprekke av irritasjon, han forstod seg jo på alt.

– Jeg kommer snart, sa jeg \_\_\_\_\_ han var ferdig med dagens tale. \_\_\_\_\_ vi får igjen norskprøven på skolen i dag, skal vi se hvem som smiler til verden. Den satt, tenkte jeg.

\_\_\_\_\_ jeg hadde pusset tennene, så jeg meg i speilet. Jeg gjorde noen grimaser, trakk på meg et fårete smil og gikk av gårde til skolen.

Alle i klassen fikk igjen norskprøvene den dagen. \_\_\_\_\_ læreren hadde sagt noen formanende ord til oss, ringte det ut.

Etterpå, \_\_\_\_\_ jeg traff Johan i skolegården, var han sur og gretten og mumlet noe om dårlige karakterer.

– Nei, sier du det? Vel, jeg skal gi deg et godt råd, Johan. Bare smil til verden, og verden smiler igjen!

## Kopi av tekst til oppgåve 3C

Set inn *da* eller *når*:

\_\_\_\_\_ eg hadde ete frukost, ringde det på døra. Eg sprang ut for å opne. Typisk! Johan brukte alltid å ringje på \_\_\_\_\_ eg sat ved frukostbordet. Kvar morgon \_\_\_\_\_ eg var morgongretten og sur, lyste han opp og sa oppmuntrande:

– Jaså, du er i det humøret i dag. Smil til verda, og verda smiler igjen!

Eg kunne ha srokke av irritasjon, han forstod seg då på alt.

– Eg kjem snart, sa eg \_\_\_\_\_ han var ferdig med dagens tale. \_\_\_\_\_ vi får att norskprøva på skolen i dag, skal vi sjå kven som smiler til verda. Den sat, tenkte eg.

\_\_\_\_\_ eg hadde pussa tennene, såg eg meg i spegelen. Eg gjorde nokre grimasar, smilte fjollete og fór av garde til skolen.

Alle i klassen fekk att norskprøva den dagen. \_\_\_\_\_ læraren hadde sagt nokre alvorsord til oss, ringde det ut.

Etterpå, \_\_\_\_\_ eg trefte Johan på skoleplassen, var han sur og gretten og mumla noko om dårlege karakterar.

– Nei, seier du det? Vel, eg skal gje deg eit godt råd, Johan. Berre smil til verda, og verda smiler igjen!

## Kopi av tekst til oppgave 4

**D** *Enkel eller dobbel konsonant?*

Strek under det ordet som er riktig skrevet.

Det er mitt *kamera / kammera*.

Hun har en stor *kofert / koffert* med *nøkler /*

*nøkkler, briler / briller* og *kloker / klokker*.

Han kan *spile / spille* gitar, *tangent-*

*instrument / tangentinnstrument* og saksofon.

Hun bruker *ti minutter / minutter* på å *sykle /*

*sykkle* til skolen.

I *rygseken / ryggsekken* har han en *kam /*

*kamm, en trome / tromme* og en *hat / hatt*.

**E** *Én eller to t-er?*

Hver dag møter jeg henne i bu\_\_\_\_\_ikken.

Plu\_\_\_\_\_selig ser jeg en ka\_\_\_\_\_.

Etter fem minu\_\_\_\_\_er må jeg løpe.

Anders gikk ne\_\_\_\_\_opp.

**F** *Én eller to l-er?*

Jeg har kjøpt bi\_\_\_\_\_etter.

Jeg skal a\_\_\_\_\_dri gjøre det om igjen.

Du må a\_\_\_\_\_tid ødelegge for oss andre.

Vi har tre ky\_\_\_\_\_inger på gården vår.

Vi har også e\_\_\_\_\_eve kuer.

Spis opp maten på ta\_\_\_\_\_erkenen din!

**G** *In- eller inn-?*

En bilmekaniker har \_\_\_\_\_sikt i bilmotorer.

Hun er \_\_\_\_\_teressert i sport.

Jeg har hatt \_\_\_\_\_fluensa.

Han ble \_\_\_\_\_vitert til selskapet.

Jeg likte best det første \_\_\_\_\_slaget.

Hva slags \_\_\_\_\_strument spiller du?

De trenger skikkelig \_\_\_\_\_struksjon.

Han \_\_\_\_\_rømmet hva han hadde gjort.

Heidi jobber som \_\_\_\_\_geniør i olje-

\_\_\_\_\_dustrien.

De skulle \_\_\_\_\_skrenke bruken av hode-

pinetabletter.

## Kopi av tekst til oppgåve 4

### D Enkel eller dobbel konsonant?

Strek under det ordet som er skrive rett.

Det er mitt *kamera* / *kammera*.

Ho har ein stor *kofert* / *koffert* med *nøklar* /

*nøkkklar*, *briler* / *briller* og *kloker* / *klokker*.

Han kan *spele* / *spelle* gitar, *tangent-*

*instrument* / *tangentinnstrument* og saksofon.

Ho bruker ti *minut* / *minutt* på å *sykle* /

*sykkle* til skolen.

I *rygseken* / *ryggsekken* har han ein *kam* /

*kamm*, *ei trome* / *tromme* og ein *hat* / *hatt*.

### E Éin eller to t-ar?

Kvar dag møter eg henne i bu\_\_\_\_\_ikken.

Plu\_\_\_\_\_seleg ser eg ein ka\_\_\_\_\_.

Etter fem minu\_\_\_\_\_må eg springe.

Anders gjekk ne\_\_\_\_\_opp.

### F Éin eller to l-ar?

Eg har kjøpt bi\_\_\_\_\_ettar.

Eg skal a\_\_\_\_\_dri gjere det meir.

Du må a\_\_\_\_\_tid øydeleggje for oss andre.

Vi har tre ky\_\_\_\_\_ingar på garden vår.

Vi har også e\_\_\_\_\_eve kyr.

Et opp maten på ta\_\_\_\_\_erkenen din!

### G In- eller inn-?

Ein bilmekanikar har \_\_\_\_\_sikt i bilmotorar.

Ho er \_\_\_\_\_teressert i sport.

Eg har hatt \_\_\_\_\_fluensa.

Han vart \_\_\_\_\_vitert til selskapet.

Eg likte best det første \_\_\_\_\_slaget.

Kva slags \_\_\_\_\_strument speler du?

Dei treng skikkeleg \_\_\_\_\_struksjon.

Han \_\_\_\_\_rømde kva han hadde gjort.

Heidi jobbar som \_\_\_\_\_geniør i olje-

\_\_\_\_\_dustrien.

Dei skulle \_\_\_\_\_skrenke bruken av

hovudverktablettar.

## Kopi av tekst til oppgave 5B

Sett inn punktum og stor og liten forbokstav:

det banket på døra en politimann i uniform spurte far om de hadde en tenåring i huset far svarte ja truls satt inne på rommet sitt og gjorde skolearbeidet politimannen forklarte at det hadde vært innbrudd på ramslia skole fredag 3. september og de hadde mistanke om at det kunne være elever som hadde vært med på dette far ropte på truls og bad ham komme ut i stua politimannen forklarte gutten hva som hadde skjedd plutselig begynte truls å le på fredag hadde han vært på skolen for å hente noen skolebøker han hadde glemt igjen alarmen hadde gått og han hadde stukket av i vill panikk han unnskyldte seg og sa at han angret på at han ikke hadde sagt fra hva som hadde skjedd

## Kopi av tekst til oppgåve 5B

Set inn punktum og stor og liten forbokstav:

det banka på døra ein politimann i uniform spurde far om dei hadde ein tenåring i huset far svara ja truls sat inne på rommet sitt og gjorde skolearbeidet politimannen forklarte at det hadde vore innbrot på ramslia skole fredag 3. september og dei hadde mistanke om at det kunne vere elevar som hadde vore med på dette far ropte på truls og bad han kome ut i stua politimannen forklarte guten kva som hadde skjedd plutseleg byrja truls å le på fredag hadde han vore på skolen for å hente nokre skolebøker han hadde gløymt igjen alarmer hadde gått og han hadde stukke av i vill panikk han orsaka seg og sa at han angra på at han ikkje hadde sagt frå om det som hadde skjedd



## Kopi av tekst til oppgave 6

### A Sett inn riktig ord:

\_\_\_\_\_ uke går jeg på trening. Jeg har ikke \_\_\_\_\_ der på lenge, men nå har jeg bestemt meg for å gå \_\_\_\_\_ eneste gang. Etter treningsøkta må jeg alltid skifte \_\_\_\_\_ eneste plagg og \_\_\_\_\_ forsiktig så jeg ikke blir forkjølet. Noen ganger er det så dårlig \_\_\_\_\_ at jeg lar \_\_\_\_\_ å gå ut.

### B Sett inn riktig spørreord:

\_\_\_\_\_ er det som banker på døra?  
Jeg kan se \_\_\_\_\_ som er galt.  
\_\_\_\_\_ har du lagt CD-ene mine?  
Læreren fortalte \_\_\_\_\_ oppgavene skulle gjøres.  
Hun spurte \_\_\_\_\_ de måtte gjøre lekser.  
\_\_\_\_\_ sykkel eier du?

### C Sett inn riktig bokstav (*v* eller *hv*)

\_\_\_\_\_is hun skulle gå på kino, måtte hun ha med seg penger.  
Trine hadde flere \_\_\_\_\_enner.  
Lillebroren til Hans ønsket seg en \_\_\_\_\_alp.  
Bestefar var trøtt og måtte \_\_\_\_\_ile seg.  
Det burde du \_\_\_\_\_ite.  
Han hoppet over det \_\_\_\_\_ite gjerdet.  
Det er \_\_\_\_\_iktig å \_\_\_\_\_elge riktig.  
De så \_\_\_\_\_erandre \_\_\_\_\_er dag hele året.

## Kopi av tekst til oppgave 7B

Fyll ut med riktig bokstav:

I det fj\_\_\_\_\_rne kan vi se mange stj\_\_\_\_\_rner.

I skogen ved tj\_\_\_\_\_rnet er det mange b\_\_\_\_\_r.

Mennesker må bruke hj\_\_\_\_\_rtet, ikke bare hj\_\_\_\_\_rnen.

Min kj\_\_\_\_\_re mormor bor i fj\_\_\_\_\_rde etasje.

Den lille katta \_\_\_\_\_r både h\_\_\_\_\_r og d\_\_\_\_\_r.

Bak gj\_\_\_\_\_rdet fant vi mange hønsefj\_\_\_\_\_r.

Han sølte dess\_\_\_\_\_rt på de nye kl\_\_\_\_\_rne.

De spilte yatzy med hv\_\_\_\_\_r sin t\_\_\_\_\_rning.

Bonden m\_\_\_\_\_rket ikke at hjulene løsnet på kj\_\_\_\_\_rra.

H\_\_\_\_\_retter skal jeg sørge for å jage hv\_\_\_\_\_r skj\_\_\_\_\_re jeg ser.

V\_\_\_\_\_ret var dårlig, og vinden suste i tr\_\_\_\_\_rne i skogen.

## Kopi av tekst til oppgåve 6B

Fyll ut med rett bokstav:

I det fj\_\_\_\_\_rne kan vi sjå mange stj\_\_\_\_\_rner.

I skogen ved tj\_\_\_\_\_rnet er det mykje b\_\_\_\_\_r.

Mi kj\_\_\_\_\_re mormor bur i fj\_\_\_\_\_rde etasje.

Den vesle katten \_\_\_\_\_r både h\_\_\_\_\_r og d\_\_\_\_\_r.

Bak gj\_\_\_\_\_rdet fann vi mange hønsefjør.

Han sølte dess\_\_\_\_\_rt på dei nye kleda.

Bonden m\_\_\_\_\_rka ikkje at hjula losna på kj\_\_\_\_\_rra.

Heretter skal eg sørgje for å jage kva\_\_\_\_\_r eg ser.

## Kopi av tekst til oppgave 8

**B** Bruk disse ordene i setningene nedenfor:

godt/gått vott/vått slott/slått

Vi hadde \_\_\_\_\_ på ski hele dagen.

Jeg hadde mistet en \_\_\_\_\_.

Til slutt kom vi til et \_\_\_\_\_.

Det smakte \_\_\_\_\_ med mat.

Far veltet bøtta, og gulvet ble \_\_\_\_\_.

Han spilte en \_\_\_\_\_ på fela si.

Journalisten stilte et \_\_\_\_\_ spørsmål.

**C** Sett inn o eller å:

Tr\_\_\_\_\_llet syntes det var g\_\_\_\_\_dt å spise s\_\_\_\_\_pp.

Kl\_\_\_\_\_kka ti begynte h\_\_\_\_\_pprennet, og på t\_\_\_\_\_ppen av bakken stod vinneren fra fjoråret.

Du må l\_\_\_\_\_ve meg å s\_\_\_\_\_ve mye i ferien.

Om kvelden st\_\_\_\_\_ppet t\_\_\_\_\_get fordi et r\_\_\_\_\_vdyr stod på skinnegangen.

Vi har mange fl\_\_\_\_\_tte k\_\_\_\_\_pper og krus.

Han gjemmer seg enten i k\_\_\_\_\_ttet eller på l\_\_\_\_\_ftet.

Jeg h\_\_\_\_\_per at jeg slipper å b\_\_\_\_\_re hos tannlegen.

I morgen k\_\_\_\_\_mmer m\_\_\_\_\_kene til å fly \_\_\_\_\_ver h\_\_\_\_\_lmer og skjær.

Hun dr\_\_\_\_\_ppet å gå på skolen den v\_\_\_\_\_ren.

## Kopi av tekst til oppgåve 7

**B** Bruk desse orda i setningane nedanfor:  
godt/gått vott/vått slott/slått

Vi hadde \_\_\_\_\_ på ski heile dagen.

Eg hadde mist ein \_\_\_\_\_.

Til slutt kom vi til eit \_\_\_\_\_.

Det smakte \_\_\_\_\_ med mat.

Far velta bytta, og golvet vart \_\_\_\_\_.

Han spelte ein \_\_\_\_\_ på fela si.

Journalisten stilte eit \_\_\_\_\_ spørsmål.

**C** Set inn o eller å:

Tr\_\_\_\_\_llet syntest det var g\_\_\_\_\_dt å ete s\_\_\_\_\_pp.

Kl\_\_\_\_\_kka ti byrja h\_\_\_\_\_pprennet, og på t\_\_\_\_\_ppen av bakken stod vinnaren frå året før.

Du må l\_\_\_\_\_ve meg å s\_\_\_\_\_ve mykje i ferien.

Om kvelden st\_\_\_\_\_ppa t\_\_\_\_\_get fordi eit r\_\_\_\_\_vdyr stod på skjenegangen.

Vi har mange fl\_\_\_\_\_tte k\_\_\_\_\_ppar og krus.

Han gøymer seg anten i k\_\_\_\_\_ttet eller på l\_\_\_\_\_ftet.

Eg h\_\_\_\_\_per at eg slepp å b\_\_\_\_\_re hos tannlegen.

I morgon kjem m\_\_\_\_\_kane til å flyge \_\_\_\_\_ver h\_\_\_\_\_lmar og skjer.

Ho dr\_\_\_\_\_ppa å gå på skolen den v\_\_\_\_\_ren.

## Kopi av tekst til oppgave 9

**B** Skriv setningene og sett inn riktig bokstav:

Alle \_\_\_\_\_ngene hadde hull i b\_\_\_\_\_ksa.

\_\_\_\_\_ngdommene hadde fanget en stor h\_\_\_\_\_mmer.

Hun kunne velge mellom å gå med kj\_\_\_\_\_le og b\_\_\_\_\_kse.

Hun ble stukket av ei h\_\_\_\_\_mle.

Gutten dr\_\_\_\_\_knet nesten da han pl\_\_\_\_\_mpet i elva og fikk vann i l\_\_\_\_\_ngene.

Det er tj\_\_\_\_\_kk tåke ute.

Ikke vær så d\_\_\_\_\_m, det er klart det blir m\_\_\_\_\_rs\_\_\_\_\_mt på festen!

Han fant pengep\_\_\_\_\_ngen i sk\_\_\_\_\_ffen.

Hun løftet den t\_\_\_\_\_nge kista uten å bl\_\_\_\_\_nke.

Det smakte godt med s\_\_\_\_\_kker på t\_\_\_\_\_nga.

## Kopi av tekst til oppgåve 8

**B** Skriv setningane og set inn rett bokstav:

Alle \_\_\_\_\_ngane hadde hol i b\_\_\_\_\_ksa.

\_\_\_\_\_ngdomane hadde fanga ein stor h\_\_\_\_\_mmar.

Ho kunne velje mellom å gå med kj\_\_\_\_\_le og b\_\_\_\_\_kse.

Ho vart stukken av ei h\_\_\_\_\_mle.

Guten dr\_\_\_\_\_kna nesten då han pl\_\_\_\_\_mpa uti elva og fekk vatn i l\_\_\_\_\_ngene.

Det er tj\_\_\_\_\_kk skodde ute.

Ikkje ver så d\_\_\_\_\_m, det er klart det vert m\_\_\_\_\_rosamt på festen!

Han fann pengep\_\_\_\_\_ngen i sk\_\_\_\_\_ffa.

Ho lyfta den t\_\_\_\_\_nge kista utan å bl\_\_\_\_\_nke.

Det smakte godt med s\_\_\_\_\_kker på t\_\_\_\_\_nga.

## Kopi av tekst til oppgave 10

Skriv setningene og sett inn riktig bokstav:

Vi hadde la\_\_\_\_\_t oss til å sove.

Jegerne hadde ful\_\_\_\_\_t stien inn i skogen.

Hun sma\_\_\_\_\_te på deigen.

De hadde val\_\_\_\_\_t feil vei.

Det så sty\_\_\_\_\_t ut på søppeldynga.

Jeg gjorde alt som stod i min ma\_\_\_\_\_t.

Familien hadde bra\_\_\_\_\_t med seg skiutstyret opp til hytta.

Du har ingenting du skulle ha sa\_\_\_\_\_t.

Bilen nærmet seg sa\_\_\_\_\_te.

Maleriet var fry\_\_\_\_\_telig sty\_\_\_\_\_t.



## Kopi av tekst til oppgave 9

Skriv setningane og set inn rett bokstav:

Vi hadde la\_\_\_\_\_t oss til å sove.

Jegerane hadde føl\_\_\_\_\_t stigen inn i skogen.

Ho sma\_\_\_\_\_te på deigen.

Det såg sty\_\_\_\_\_t ut på søppeldynga.

Eg gjorde alt som stod i mi ma\_\_\_\_\_t.

Du har ingenting du skulle ha sa\_\_\_\_\_t.

Bilen nærma seg sa\_\_\_\_\_te.

Måleriet var fry\_\_\_\_\_teleg sty\_\_\_\_\_t.

# Kopi av tekst til oppgave 14

## C Skriv ordene med j-lyd:

Kuene gikk ute på \_\_\_\_\_ ordet.

Barna tittet \_\_\_\_\_ ennom vinduet.

Politiet \_\_\_\_\_ aget bandittene.

Tyvene hoppet over \_\_\_\_\_ erdet.

Gutten og \_\_\_\_\_ enta \_\_\_\_\_ espet.

Mannen ville \_\_\_\_\_ erne \_\_\_\_\_ elpe med å fikse \_\_\_\_\_ ulet.

Kan du \_\_\_\_\_ i meg den blå \_\_\_\_\_ akka?

\_\_\_\_\_ estene kom på besøk på \_\_\_\_\_ ulaften.

Du kan \_\_\_\_\_ erne \_\_\_\_\_ i mat til \_\_\_\_\_ eita.

Jeg kan høre at \_\_\_\_\_ ertet banker.

Jenta ville \_\_\_\_\_ ynge på hesten.

Barna \_\_\_\_\_ emte seg i skapet.

Mannen hadde 10 000 kroner i \_\_\_\_\_ eld.

Han er en \_\_\_\_\_ errigknark.

Kan du \_\_\_\_\_ øre det for meg?

Hun liker å være \_\_\_\_\_ emme.

Han har kjøpt en fin \_\_\_\_\_ elm.

Han kjente \_\_\_\_\_ ertet slå.

Du må bruke \_\_\_\_\_ ernen!

## Kopi av tekst til oppgåve 13

### C Skriv orda med j-lyd:

Kyrne gjekk ute på \_\_\_\_\_ ordet.

Barna såg inn \_\_\_\_\_ ennom vindauget.

Politiet \_\_\_\_\_ aga bandittane.

Tjuvane hoppa over \_\_\_\_\_ erdet.

Guten og \_\_\_\_\_ enta \_\_\_\_\_ espa.

Mannen ville \_\_\_\_\_ erne \_\_\_\_\_ elpe med å fikse \_\_\_\_\_ ulet.

Kan du \_\_\_\_\_ e meg den blå \_\_\_\_\_ akka?

\_\_\_\_\_ estene kom på besøk på \_\_\_\_\_ ulaftan.

Du kan \_\_\_\_\_ erne \_\_\_\_\_ e mat til \_\_\_\_\_ eita.

Eg kan høyre \_\_\_\_\_ artet banke.

Jenta ville \_\_\_\_\_ ynge på hesten.

Barna \_\_\_\_\_ øymde seg i skapet.

Mannen hadde 10 000 kroner i \_\_\_\_\_ eld.

Han er ein \_\_\_\_\_ errigknark.

Kan du \_\_\_\_\_ ere det for meg?

Han har kjøpt ein fin \_\_\_\_\_ elm.

Han kjende \_\_\_\_\_ artet slå.

Du må bruke \_\_\_\_\_ ernen!

## Kopi av tekst til oppgave 15

### D Skriv ordene med kj-lyd:

Hun drog til byen for å \_\_\_\_\_øpe \_\_\_\_\_øtt.

Han plukket \_\_\_\_\_ue \_\_\_\_\_ilo bær.

Hver søndag gikk de i \_\_\_\_\_irken.

De gikk på \_\_\_\_\_ino.

Hun \_\_\_\_\_ysset den \_\_\_\_\_ekke gutten.

De badet i \_\_\_\_\_ernet.

Vi ferierer ved \_\_\_\_\_ysten.

\_\_\_\_\_ærligheten varer lengst.

\_\_\_\_\_erringa mot strømmen

### E Sett inn riktig ord som begynner med kj-lyd:

Noen er tynne, andre er \_\_\_\_\_.

Han så på stjernene i en \_\_\_\_\_.

Om vinteren akte barna på \_\_\_\_\_ nedover bakkene.

En tåre rant nedover \_\_\_\_\_.

I \_\_\_\_\_ var det gull og sølv.

De kjøpte godteri i \_\_\_\_\_.

Vi spiser mat på \_\_\_\_\_.

# Kopi av tekst til oppgåve 14

**D** Skriv orda med kj-lyd:

Ho drog til byen for å \_\_\_\_\_øpe \_\_\_\_\_øt.

Han plukka \_\_\_\_\_ue \_\_\_\_\_ilo bær.

Kvar søndag gjekk dei i \_\_\_\_\_yrkja.

Dei gjekk på \_\_\_\_\_ino.

Ho \_\_\_\_\_yssa den \_\_\_\_\_ekke guten.

Dei bada i \_\_\_\_\_ernet.

Vi ferierer ved \_\_\_\_\_ysten.

\_\_\_\_\_ærleiken varer lengst.

\_\_\_\_\_erringa mot straumen

**E** Set inn rett ord som byrjar med kj-lyd:

Nokre er tynne, andre er \_\_\_\_\_.

Han såg på stjernene i ein \_\_\_\_\_.

Om vinteren aka barna på \_\_\_\_\_ nedover bakkene.

Ei tåre rann nedover \_\_\_\_\_.

I \_\_\_\_\_ var det gull og sølv.

Dei kjøpte godteri i \_\_\_\_\_.

Vi et mat på \_\_\_\_\_.

## Kopi av tekst til oppgave 16

### D Skriv ordene med sj-lyd:

Om vinteren går vi på \_\_\_\_\_ i og

\_\_\_\_\_øyter.

På taket satt ei \_\_\_\_\_ære.

Hun fikk en \_\_\_\_\_anse til.

Det er godt med \_\_\_\_\_okolade.

Jegeren \_\_\_\_\_øt den svarte

\_\_\_\_\_æra.

Jeg har kjøpt meg ny \_\_\_\_\_orte.

Han er et \_\_\_\_\_eni i matematikk.

Hun er en dyktig \_\_\_\_\_åfør.

Sola \_\_\_\_\_inte på himmelen.

Det er \_\_\_\_\_elden man får \_\_\_\_\_okk.

Han begynte å \_\_\_\_\_elve.

Bilulykken \_\_\_\_\_edde i går.

Det var mørke \_\_\_\_\_yer på himmelen.

De \_\_\_\_\_anglet bortover på stien.

Jeg liker å sitte i \_\_\_\_\_yggen.

Hun ble \_\_\_\_\_itten på buksa.

Han \_\_\_\_\_yndte seg av sted for å rekke

trikken.

De hadde et hemmelig \_\_\_\_\_ulested.

De \_\_\_\_\_iftet til tørre klær.

Piratene \_\_\_\_\_ulte skattene under

en stein.

\_\_\_\_\_ipet sank.

Hun kjørte dro\_\_\_\_\_e til jobben.

# Kopi av tekst til oppgåve 15

## D Skriv orda med sj-lyd:

Om vinteren går vi på \_\_\_\_\_ i og

\_\_\_\_\_øyter.

På taket sat ei \_\_\_\_\_or.

Ho fikk ein \_\_\_\_\_anse til.

Det er godt med \_\_\_\_\_okolade.

Jegeren skaut den svarte \_\_\_\_\_ora.

Eg har kjøpt meg ny \_\_\_\_\_orte.

Han er eit \_\_\_\_\_eni i matematikk.

Ho er ein dyktig \_\_\_\_\_åfør.

Sola \_\_\_\_\_ein på himmelen.

Det er \_\_\_\_\_eldan ein får \_\_\_\_\_okk.

Han byrja å \_\_\_\_\_elve.

Bilulykka \_\_\_\_\_edde i går.

Det var mørke \_\_\_\_\_yer på himmelen.

Dei \_\_\_\_\_angla bortover på stigen.

Ho vart \_\_\_\_\_iten på buksa.

Dei \_\_\_\_\_ifta til tørre klede.

Piratane \_\_\_\_\_ulte skattene under ein

stein.

\_\_\_\_\_ipet sokk.

Ho køyrde dro \_\_\_\_\_e til jobben.

## Kopi av tekst til oppgave 17

### B Sett komma på riktig plass.

Jeg skulle gjerne ha gått på kino sammen med deg men jeg har ikke tid.

Hvis du leser dagens avis kan du lese om fotballkampen i går.

Han er grei og hjelpsom og han har mange kamerater.

Da timen var ferdig drog vi hjem.

Vi kom ikke inn i klasserommet for noen hadde stengt døra.

Vi spiste pølser hamburgere chips og godteri.

Linn nå må du stå opp!

Jeg kommer ut om fem minutter sa Elisabeth.

### C Sett komma på riktig plass i teksten nedenfor.

#### **Ulven og geita**

En geit gikk og gresset høyt oppe på en fjellknaus da en sulten ulv kom gående nedenfor.

Ulven prøvde igjen og igjen å få fotfeste men fjellveggen var altfor bratt til at han kunne hoppe eller klatre opp.

«Jeg synes du skulle komme ned hit jeg» sa ulven. «Jeg blir nesten redd av å se deg så høyt oppe. Hvis du ikke er forsiktig kan du skli og falle ned. Dessuten kan ikke gresset være noe godt der oppe. Her nede er det mye saftigere og frodigere. Du får mye bedre middagsmat her!»



«Du må unnskyldde så mye at jeg ikke kan følge rådet ditt» mekret geita. «Du vil nok få bedre middagsmat om jeg kommer ned men jeg er ikke så sikker for min egen del.»

Dermed klatret han enda høyere opp i fjellsiden og ulven måtte gå sin vei med uforrettet sak.

**E** Plasser kommaene riktig i setningene nedenfor. Forklar hvilke kommaregler du bruker.

Uff jeg trodde du bare spøkte.

Trine fortalte at hun hadde lest bøker av Bjørnson Ibsen Kielland og Lie.

Gå ut og hent sykkelen din Tove.

Da vi kom fram til hytta spiste vi middag.

Enda vi var mette spiste vi middag.

Herr Olsen som er trikkekonduktør bor i huset ved siden av oss.

Hilde som er venninnen til Lise ble påkjørt og kom på sykehuset.

Selv om været var dårlig hadde vi en morsom ferie.

Hun er glad i å lese bøker og hun liker å gjøre lekser.

Hun tok bøkene ut av veska og gav dem til elevene.

Marius kjørte snøbrett og gikk i åttende klasse.

Den gamle mannen drev på i garasjen og reparerte bilen.

## Kopi av tekst til oppgåve 16

### B Set komma på rett plass.

Eg skulle gjerne ha gått på kino saman med deg men eg har ikkje tid.

Dersom du les dagens avis kan du lese om fotballkampen i går.

Han er grei og hjelpsam og han har mange kameratar.

Då timen var ferdig drog vi heim.

Vi kom ikkje inn i klasserommet for nokon hadde stengt døra.

Vi åt pølser hamburgarar chips og godteri.

Linn no må du stå opp!

Eg kjem ut om fem minutt sa Elisabeth.

### C Set komma på rett plass i teksten nedanfor.

#### **Ulven og geita**

Ei geit gjekk og beita høgt oppe på ein fjellknaus då ein svolten ulv kom gåande nedanfor.

Ulven prøvde igjen og igjen å få fotfeste men fjellveggen var altfor bratt til at han kunne hoppe eller klatre opp.

«Eg synest du skulle kome ned hit eg» sa ulven. «Eg vert nesten redd av å sjå deg så høgt oppe. Dersom du ikkje er forsiktig kan du skli og dette ned. Dessutan kan ikkje graset vere særleg godt der oppe. Her nede er det mykje saftigare og frodigare. Du får mykje betre middagsmat her!»

«Orsak at eg ikkje kan følgje rådet ditt» mekra geita. «*Du* vil nok få betre middagsmat om eg kjem ned men eg er ikkje så sikker for min eigen del.»

Dermed klatra ho endå høgare opp i fjellsida og ulven måtte gå sin veg utan å ha oppnådd noko.

**E** Plasser komma rett i setningane nedanfor. Forklar kva for kommareglar du bruker.

Uff eg trudde du berre spøkte.

Trine fortalde at ho hadde lese bøker av Bjørnson Ibsen Kielland og Lie.

Gå ut og hent sykkelen din Tove.

Då vi kom fram til hytta åt vi middag.

Endå vi var mette åt vi middag.

Herr Olsen som er trikkekonduktør bur i huset ved sida av oss.

Hilde som er veninna til Lise vart påkøyrd og kom på sjukehus.

Jamvel om vêret var dårleg hadde vi ein morosam ferie.

Ho er glad i å lese bøker og ho liker å gjere lekser.

Ho tok bøkene ut av veska og gav dei til elevane.

Marius køyrde snøbrett og gjekk i åttande klasse.

Den gamle mannen dreiv på i garasjen og reparerte bilen.

## Kopi av tekst til oppgave 19

**A** Les fortellingen nedenfor og sett minst tre avsnitt:

### **Sirkuselefanten**

I går opplevde jeg noe jeg aldri vil glemme. I mørket utenfor vinduet mitt så jeg en elefant vandre rolig over gressplenen. Den snuste nysgjerrig på epletreet vårt og veivet med snabelen. Etter noen minutter hørte jeg plutselig et dunk. Jeg tittet ut av vinduet, og der satt elefanten midt i blomsterbedet vårt og spiste tulipaner. Jeg ringte straks til sirkuset som eide dyret, og fortalte hva som hadde skjedd. Sirkusfolkene ble svært sjokkerte da de fikk vite at elefanten deres hadde tatt seg en tur ut i det fri.

**B** Sett avsnitt på rett sted:

*Kjære Betty!*

Det er lenge siden jeg har hørt noe fra deg. Håper du hadde det morsomt i vinterferien. Det var helt topp på Norefjell. Mye snø og slalåmkjøring hver eneste dag. Har du forresten møtt noen kjekke gutter i det siste? Du vet, jeg er jo så nysgjerrig. Erik sier han tenker på deg hver dag. Du får ringe ham hvis du har tid. Jeg kan ellers fortelle deg at vi har fått en ny engelsklærer på skolen. Hun er skikkelig grei. Hun gir oss litt for mye lekser, men det gjør ikke noe. Pia, en av bestevenninnene mine i klassen, flyttet til Vestlandet i forrige uke. Jeg savner henne innmari mye. Mamma og pappa har bestemt seg for å feire påsken på et hotell på Geilo. Har du lyst til å være med? Ring meg hvis du får lov hjemme. *Mange hilsener fra Heidi.*

## Kopi av tekst til oppgåve 18

**A** Les forteljinga nedanfor og set minst tre avsnitt:

### **Sirkuselefanten**

I går opplevde eg noko eg aldri kjem til å gløyme. I mørkeret utanfor vindauget mitt såg eg ein elefant vandre roleg over grasplenen. Han snusa nysgjerrig på epletreet vårt og veiva med snabelen. Etter nokre minutt hørde eg brått eit dunk. Eg titta ut av vindauget, og der sat elefanten midt i blomsterbedet vårt og åt tulipanar. Eg ringde straks til sirkuset som åtte dyret, og fortalde kva som hadde skjedd. Sirkusfolka vart svært sjokkerte då dei fekk vite at elefanten deira hadde teke seg ein tur ut i det fri.

**B** Set avsnitt på rett stad:

*Kjære Betty!*

Det er lenge sidan eg har høyrte noko frå deg. Håper du hadde det morosamt i vinterferien. Det var heilt topp på Norefjell. Mykje snø og slalåmkøyring kvar einaste dag. Har du forresten møtt nokre kjekke gitar i det siste? Du veit, eg er då så nysgjerrig. Erik seier han tenkjer på deg kvar dag. Du får ringje han om du har tid. Eg kan elles fortelje deg at vi har fått ein ny engelsklærer på skolen. Ho er skikkeleg grei. Ho gjev oss litt for mykje lekser, men det gjer ikkje noko. Pia, ei av besteveninnene mine i klassen, flytta til Vestlandet i førre veka. Eg saknar henne innmari mykje. Mamma og pappa har bestemt seg for å feire påska på eit hotell på Geilo. Har du lyst til å vere med? Ring meg dersom du får lov heime. *Mange helsingar frå Heidi.*

## Kopi av tekst til oppgave 20

Sett spørsmålstegn og utropstegn:

– Blir du med og kjører snøbrett i bakken spurte Thomas.

– Jeg vet ikke om jeg har tid, sa Kalle.

– Ikke tull Skynd deg hjem og hent brettet.

Etter to timer møttes de to kameratene i bakken. De spente fast snøbrettet og satte utfor.

– Pass deg for den store kulen nederst i bakken skrek Thomas. Han skjønnte at Kalle hadde altfor stor fart.

– Pass på deg selv, din lusekjører ropte Kalle tilbake.

– Jammen, ser du ikke kulen Du kommer til å slå deg i hjel, brølte Thomas. Plutselig forsvant kameraten ut av syne. Det eneste Thomas så, var en snøsky av armer og ben. Kalle var fortapt. Etter en stund kunne Thomas skimte kameraten. Kalle stabbet seg opp på alle fire, snudde seg og smilte:

– Hva var det du sa om den kulen

## Kopi av tekst til oppgåve 19

Set spørsmålsteikn og utropsteikn:

– Vert du med og køyrer snøbrett i bakken spurde Thomas.

– Eg veit ikkje om eg har tid, sa Kalle.

– Ikkje tull Skund deg heim og hent brettet.

Etter to timar møttest dei to kameratane i bakken. Dei spente fast snøbrettet og sette utfor.

– Pass deg for den store kulen nedst i bakken skreik Thomas. Han skjøna at Kalle hadde altfor stor fart.

– Pass på deg sjølv, din lusekøyrar ropa Kalle attende.

– Jammen, ser du ikkje kulen Du kjem til å slå deg i hel, brølte Thomas. Brått forsvann kameraten ut av syne. Det einaste Thomas såg, var ei snøsky av armar og bein. Kalle var fortapt. Etter ei stund kunne Thomas skimte kameraten. Kalle stabba seg opp på alle fire, snudde seg og smilte:

– Kva var det du sa om den kulen